



# ÅRSMELDING 2021

## JØSNESET BYGDARÅD

### Årsmøtet blei halde 11. 03. 2021

Forslaget fra valnemda blei einstemmig godkjent og klappa gjennom.

Hanne C. Tjeltveit – attval leiar, ikkje på val som styremedlem

Ingeborg Westersjø – ikkje på val

Jostein Hjorteland – Ikkje på val

Sondre Fosså – vald inn for 2 år

Solveig Bog – vald inn for 2 år

(Svanhild Hjorteland og Brahim Gbada gjekk ut av styret)

Varamedlemmer er Øyvind Oaland og Brahim Gbada

Valnemda er Rasin Tjeltveit, Unni Fosså og Svanhild Hjorteland

Revisor Oddvar Skiftun, vald for 2 år

### På første styremøte konstituerte styret seg slik:

Leiar: Hanne C. Tjeltveit

Sekretær: Solveig Bog

Kasserar: Ingeborg Westersjø

Utleigeansvarleg: Jostein Hjorteland

Innkjøpsansvarleg: Sondre Fosså

### Året 2021:

2021 blei også eit år prega av korona. Me har likevel hatt litt å gjere:

- Bygdarådet hadde **ni møter** denne perioden, samt kontakt på e-post/telefon
- **Ryddedag:** torsdag 29. april. Grunna pandemien var det ikkje noko felles samling.
- **St. Hans-feiring** i Skiftunstranda, 23. juni. Stort bål, godt oppmøte og sol

- **Dugnad** på uteområdet ved Grendahuset. Me hadde dugnad over to dagar, 28. august og 31. august. Veldig godt oppmøte og godt resultat. Me fekk 25.000 kr i støtte frå kommunen til oppgradering av leikeplassen.
- **Opning av Grendahuset.** Fredag 22. oktober blei det nyoppussa Grendahuset offisielt opna av ordførar Bjørn Laugaland. Etterpå var det fest i Gymsalen, med talar, kake og musikk av José L. Altamirano
- **Tv-aksjonen.** 24. oktober. Bygdarådet gjekk med bøsser.
- **Kontaktmøte med kommunen.** 24. november var det kontaktmøte mellom kommunen og bygdaråda i kommunen. Hanne og Solveig stilte for Bygdaråd.
- **Tenning av julegrana.** Søndag 28. november blei julegrana tent. Etterpå blei det servert graut og gløgg på Grendahuset.
- **Kontaktmøte m/frivillige lag.** 11. januar. Ingeborg møtte for Bygdarådet.

#### **Anna:**

- Sommarjobb-tilbod for ungdom i bygda. Me prøvde ut ei ny ordning der me tilbød sommarjobb til ungdom over 16 år. Jobben gjekk i å klippe gras og anna vedlikehald på uteområdet ved skulen/brannstasjonen. Fekk støtte frå kommunen til å løne arbeidet.
- Bygdarådet var med under Sankefestivalen 26. juni.
- Me hadde budsjettet med underskot for 2021, men grunna at me har fått inn meir midler enn forventa, har me nå eit totalt overskot på 55.474 kr.
- Silje Sværen og Svanhild H. Gbada har hatt ansvar for Trimrommet – det set me pris på!
- Tre personar har meldt si interesse for å leige kontorlokalet. Bygdarådet har satt i gang prosjekt for å pusse opp småskulerommet. I den forbindelse er det også bestilt fiber.
- Jøsneset Bygdaråd har hatt ein representant i redaksjonen for nettsida *josneset.no*. Redaksjonen har satt i gang arbeidet med å oppdatere nettsida. Redaksjonen består av Svanhild H. Gbada, Silje Sværen og Solveig Bog
- Det kom ut to utgåver av Jøsnesposten i 2021
- Me har hatt 22 betalende medlemmer for treningsrommet dette året

- I løpet av 2021 har me overtatt drift av strøm, vatn og renovasjon ved Grendasenteret
- Det er inngått eigen avtale med kommunen om å overta ansvar for leikeplassen
- Me fekk hjelp av Vegvesenet til å sette opp ny oppslagstavle ved venterommet på Nesvik
- Informasjonsmøte med Mowi, kommunen og statsforvaltar. På Grendahuset, 3. februar.
- Fellesprosjekt saman med Helselaget. Me har fått støtte til ganglemmar som kan leggast ut på turstiar dersom det er områder som er våte. Det er Hjelmeland Frivilligsentral som har ordna søknad på vegne av Bygdarådet.
- Kommunen har gitt oss eit blomsterfat som er satt opp i Nesvikbakken. Kommunen sponsar blomar, men me må gjere jobben med å sjå etter blomane.
- Info-skilt. Me har satt i gang eit samarbeid med Helselaget om å få laga eit informasjonsskilt som skal stå ved brannstasjonen. Fått støtte av kommunen til dette.
- Me har kjøpt inn vedkløyvar for noko av premiepengane som var att frå då Hanne vant pengar for Sjiddknatten.
- Venter på at entreprenøren skal komme og sette opp ny mur ved grusbanen.

Solveig Bog, sekretær